



NVS RAPPORT 16/2015

*GPS-merkeprosjektet i  
Setesdal-Ryfylkeheiane*

# ÅRSMELDING 2014

Lena Romtveit





Romtveit, L. 2015. GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeheiane: Årsmelding 2014. NVS RAPPORT 16/2015 20s.

Framsidedfoto: © Olav Strand

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: [post.nord@villrein.no](mailto:post.nord@villrein.no)  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: [post.sor@villrein.no](mailto:post.sor@villrein.no)  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 02.03.15

ISSN: 1891-5329

## Føreord

GPS-merkeprosjektet på villreinen i Setesdal Ryfylkeheiane går i perioden frå 2013 til 2017. Denne årsmeldinga er nummer to i rekka og oppsummerar prosjektaktivitet og status for prosjektet i 2014.

Då Norsk Villreinsenter Sør (NVS) er sekretariat er årsmeldinga skriven som ein rapport i NVS sin rapportserie. Rapportar framover i prosjektet, med analyser og resultat vil bli referert og lista opp i komande årsmeldingar. Sekretariatet vil på vegne av prosjektleiinga takke alle deltakarar i prosjektet for samarbeidet i 2014.

Skinnarbu 02.03.15

Lena Romtveit

## Innhold

<b>FØREORD</b> .....	4
<b>INNHALD</b> .....	5
<b>SAMANDRAG</b> .....	6
<b>INNLEIING</b> .....	7
<b>PROSJEKTAKTIVITET I 2014</b> .....	8
<b>Administrasjon og møteverksemd</b> .....	8
<b>Fagleg aktivitet</b> .....	8
<b>Arbeidsgruppene</b> .....	9
Arbeidsgruppe 1 (oppsummering ved NVS sekretariat): .....	9
Arbeidsgruppe 2 (oppsummering ved NVS sekretariat): .....	10
Arbeidsgruppe 3 (ved leiar og sekretær):.....	12
<b>ØKONOMI</b> .....	13
<b>Oversyn inntekter 2014</b> .....	13
<b>Oversyn utgifter 2014</b> .....	14
<b>Oppsummering</b> .....	16
<b>PROSJEKTAKTIVITET I 2015</b> .....	16
<b>Merking vinteren 2014-2015</b> .....	16
<b>Styringsgruppa</b> .....	16
<b>Arbeidsgruppene</b> .....	17
<b>Budsjett 2015</b> .....	17
<b>Søknader 2015</b> .....	17
<b>REFERANSAR</b> .....	19

## Samandrag

2014 er det andre av totalt 5 år i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Ryfylke (2013-2017). I 2014 er det bare halde eitt møte i styringsgruppa og snarare vore fokus på arbeidsgruppene aktivitet og kunnskapsinnhenting.

Arbeidsgruppene har mellom anna delteke i arbeidet med ny bestandsplan, med oppbygging av stamma i sørområdet og meir storbukk i bestanden som viktige element. I tillegg er det jobba med fredingssoner og samjaktavtaler som eit ledd i å ta vare på dyr i randområda. Det er samla inn mykje kunnskap både på menneskeleg ferdsel i området, trafikk langs vegar og oversyn over sauedriftene i området.

I 2014 blei det merka totalt 10 dyr i Setesdal-Ryfylke. Av desse var 4 bukkar som blei merka i sørområdet saman med 2 simler. Dei 4 siste simlene blei merka i nordområdet. Det er budsjettert med kr 550.000,- til å merke ca 13 dyr i 2015.

Prosjektet fekk inn totalt over kr 1,2 mill i 2014. Av dette tar prosjektet med seg nesten kr 231.000,- over i 2015. I tillegg er det søkt om kr 1,4 mill for 2015, jamfør budsjett.

I 2014 er det halde eitt ordinært styringsgruppemøte, eit telefonmøte i prosjektleiinga og fleire møte i kvar av dei tre arbeidsgruppene. Det blei ikkje halde noko fellesmøte med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet i 2014, då dette prosjektet har vore under avslutning denne perioden.

NINA og Olav Strand har styrt prosjektet. Leiar i styringsgruppa har vore Kåre Paulsen frå Statkraft og Norsk Villreinsenter Sør, ved Lena Romtveit, har vore sekretariat. Fylkesmannen i Vest-Agder, ved Tor Punsvik, har bidrege med koordinering, kontaktnett og faglege råd.

## Innleiing

Hausten 2012 utarbeidde eit breitt samansett interimstyre forslag til eit nytt villreinmerkeprosjekt i Setesdal Ryfylkeheiane. Prosjektet skulle fylgje opp tidlegare prosjekt som gjekk i både Setesdalsområda i perioden 2006 – 2010 (Strand m.fl 2011). I mars 2013 blei prosjektet starta opp og fekk konstituert styringsgruppe, med Kåre Paulsen (Statkraft) som styreleiar. Deltakande partar og styringsgruppa med vara er lista opp i tabell 1. Norsk Villreinsenter sør har sekretariatsoppgåva for dette prosjektet, til liks som for GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella.

**Tabell 1: Oversyn over bidragsytarar og medlemmer i styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Ryfylke prosjektet i perioden 2013-2017.**

<b>Styringsgruppemedlemmer (bidragsytarar) med vara</b>	<b>Andre bidragsytarar</b>
Statkraft, Region Vest-Norge v/Kåre Paulsen	Valle kommune
Sira Kvina Kraftselskap v/Per Øyvind Grimsby	Kvinesdal kommune
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum	Hægebostad kommune
Bygland kommune v/Inge Olav Fjalestad	Åseral kommune
Kommunane Sørrområdet v/Oddmund Ljosland	Gjesdal kommune
Sirdal kommune v/Jonny Liland	Fylkesmannen i Rogaland
Suldal kommune v/Torkel Myklebust	Fylkesmannen i Telemark
Gjesdal kommune v/Gudrun Kristensen	Fylkeskommunen i Telemark
Vest-Agder FK v/Bjørn Hellem	Statnett
Aust-Agder FK v/Hans Fløystad	Lyse Produksjon
FM Vest-Agder v/Tor Punsvik	Agder Energi
FM Aust-Agder v/Per Ketil Omholt	Hydro Produksjon
Statens Vegvesen Sør v/Arne Heggland	Otteraaens Brugseierforening
Statens Vegvesen Sør v/Lene Jacobsen	
Villreinnemnda v/leiar Margit Smeland	
Villreinnemnda v/nestleiar Ola Sukka	
Stavanger Turistforening v/Kjelle Helle Olsen	
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg	
Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Kristian Steine	
Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Knut Nomeland	
Rettighetshavarane (Statskog) v/Kristian Eiken Olsen	
Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Tarjei Haugen	
Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Alf Odden	
SNO v/Peter Hermansen	
SNO v/Reidar Sandal	

NINA v/Olav Strand (fagleg leiar) Miljødirektoratet v/Vemund Jaren (observatør) NVS v/Marianne Singsaas (observatør)	
--	--

## Prosjektaktivitet i 2014

### Administrasjon og møteverksemd

I 2014 er det halde eitt styringsgruppemøte den 18. februar, og eitt telefonmøte i prosjektleiinga 10. november. Ut over dette er det halde fleire møte i dei ulike arbeidsgruppene. Sjå egne oppsummeringar frå kvar av desse.

På styringsgruppemøtet i februar var hovudsakene status for arbeidsgruppene, samt dette prosjektets status i andre overbyggande forskingsprosjekt. NINA har hatt gåande eit prosjekt på adaptiv forvaltning (Gundersen et al. 2014 og Gundersen & Strand 2014), der mellom anna SR-prosjektet var aktuelt for å teste ein modell med brukarforum, for å vurdere moglegheiter og avgrensingar i adaptiv forvaltning.

På telefonmøtet med prosjektleiinga i november, var tema organiseringa av neste styringsgruppemøte, og tankane om å dra styringsgruppa gjennom ein gruppeprosess. I ein slik prosess er målet å avdekke om ein har nok kunnskap og kva som er reelle moglegheiter for testing av tiltak, tema for tema. Ein drøfta også behovet for å gjera opp status for kva kritiske avgjersler som må tas i prosjektet i denne fasen.

### Fagleg aktivitet

#### Framdriftsnotat per 02.03.2015, ved Olav Strand:

*I 2014 har prosjektarbeidet vært rettet mot to arbeidsområder; innsamling av data i felt og systematisering og innsamling av data i de utvalgte fokusområdene. I denne fasen av prosjektet har tre ulike arbeidsgrupper jobbet med hvert sitt fokusområde og har vurdert muligheter for avbøtende tiltak og behov for ytterlig datainnsamling. Arbeidsgruppene har sammenstilt sitt arbeid i notater. I tillegg ble det i februar 2015 gjennomført et egen arbeidsseminar i Kristiansand der vi sammenfattet arbeidet med fokusområdene. Vi la i denne omgang vekt på å få en mest mulig helhetlig beskrivelse av ulike påvirkningsfaktorer i fokusområdene.*

*Prosjektet bygger i stor grad på innsamling av GPS-data fra radiomerka reinsdyr. Et viktig prosjektmål er derfor å ha et tilstrekkelig antall radiomerka reinsdyr både sør og nord for Blåsjø. Vinteren 2014 merket vi 10 reinsdyr i SR, 4 av disse var bukk, 6 var simler. Kommende vinter tar vi sikte på å merke 13 dyr i SR, tentativt vil dette være 10 simler og 3 bukker.*



## Arbeidsgruppene

Eit overordna mål for prosjektet er å få villreinen til å bruke ein større del av heiområdet.

I 2013 blei det peika ut nokre fokusområde med særleg interessante problemstillingar, som ein ynskte å gå i djupna på. Tre arbeidsgrupper blei nedsett, for å arbeide med dei ulike problemstillingane. Det er halde møte og gjennomført innsamling av ulike data i dei tre arbeidsgruppene gjennom året. Under følgjer ei oppsummering frå kvar av dei:

### **Arbeidsgruppe 1 (oppsummering ved NVS sekretariat):**

Arbeidsgruppas samansetjing: Sigrid Bjørgum (Bykle kommune), Torkel Myklebust (Suldal kommune), Sondov Bjåen (Villreinlaget), Olaf Vestersjø (Villreinlaget), Jan Dagfinn Dalen (Villreinlaget og Fjellstyret), Hans Fløystad (Aust-Agder fylkeskommune), Per Ketil Omholt (FM Aust-Agder, leiar arbeidsgruppa), Kay Jeiskelid (Villreinnemnda), Alf Odden (Verneområdeforvaltarane), Peter Hermansen (SNO), Reidar Sandal (SNO), Kåre Paulsen (Statkraft, Region Vest), Kjell Helle Olsen (Stavanger Turistforening), Anna Tveiten (grunneigar), Lars Arne Bay (sekr.).

Arbeidsgruppe 1 har fått følgjande mandat: Gruppa skal ikkje vedta eller setta i verk tiltak, men skaffe kunnskap som grunnlag for vedtak. Arbeidsområdet er i utgangspunktet området frå Store Urevatn til sør for Svartevassmagasinet.

- *Hvordan øke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest?*
- *Ferdtsel i Setesdal Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtende tiltak?*

Gjennomført: Arbeidsgruppe 1 hadde ingen møte i løpet av 2014. Den viktigaste aktiviteten i arbeidsgruppa har vore ferdseleksregistreringane som er gjennomført i regi av NINA v/Vegard Gundersen.

Det er gjennomført eitt år med trafikkteleging, på vegen inn til Store Urar. Viktigaste funn her var at det blei registrert over 5000 bilar inn/ut totalt. Det er også registrert nokre toppar for denne trafikken: Torsdagar og klokka 15.00 på døgnet, er dei tidsroma som jamt over har dei største toppane.

Der er gjort registreringar av aktivitet på vegen inn mot Storvassdammen. Totalt 400 passeringar av gåande eller syklande er registrert i perioden frå siste veka i juni til siste veka i september. Her er det også registrert nokre toppar: 22 personar passerte den 22. august og 27 personar den 22. september. For sistnemnte er truleg også verneområdestyret registrert under ei befarung.

Mot Gilavatn er det registrert ferdtsel. Totalt 2000 syklistar og gåande har passert her. Den 20. august er det ca 200 personar som har gått ut. Elles ligg registreringane på det jamne mellom 10 og 15 passeringar per dag. Enkelte dagar rundt 50.

Vidare er det kartlagt aktivitet av bilar på vegen mot Skreivasskleivane. Her fann ein den største toppen den 29. september, med 27 bilar. Dette kan truleg vera villreinjegerar i kombinasjon med at rypejakta starta.

Arbeidsgruppa har registrert besøkstal på hyttene rundt Blåsjø. Den hytta som har mest besøk her er Nilsebu. Hytta ved Storsteinen hadde litt over 200 besøkande, noko som er ein nedgang, då det i 1996 var over 600 registrerte besøkande. Trafikken aust for Blåsjø ligg på jamnt over 100. På Statskog sine

hytter rundt Svartevassmagasinet har Sandvasshytta (som ligg rett sør for Gyvatn) jamne besøkstal ca 40-50 bruksdøgn pr år (tilkomsten til vatnet er stengt pga arbeid på dammen).

### **Arbeidsgruppe 2 (oppsummering ved NVS sekretariat):**

Arbeidsgruppas samansetjing: Bjørg Hellem (Vest-Agder Fylkeskommune, leiar), Knut Nomeland (Setesdal Ryfylke villreinlag), Arne Heggland (Statens Vegvesen Sør), Arild Stene (Lyse Produksjon AS), Tarjei Haugen (Verneområdeforvaltar SR), Bjørn Brantzæg (DNT-Sør), Helge Tonstad (Villreinnemnda, Sirdal kommune), Torleif Harstad (Valle kommune), Jonny Liland (Sirdal kommune), Lars Arne Bay (sekretær).

Arbeidsgruppe 2 har fått fylgjande mandat: Utgreie tydinga av vegane Brokke-Suleskard og mellom SR og naboområda.

Geografisk avgrensing av arbeidsområdet: Rundt Brokke-Suleskard, nordover mot Svartenut, sørover mot Kvinen og Gaukhei.

Arbeidsgruppe 2 har i 2014 hatt totalt 2 møte, den 17.01. og den 24.11., både i Kristiansand. På både møta var hovudsaka gjennomgang av dei registreringane og datainnsamlinga som var gjennomført i hhv 2013 og 2014:

Samanstilling frå både 2013 og 2014:

#### 1. Bruk av Brokke-Suleskard vegen (teljing):

Det blei registrert totalt 77000 bilar i 2014 og 83000 i 2013, fordelt på hhv 126 og 138 teljedøgn. Gjennomsnittleg trafikkmengde i perioden er 608 og 604 kjøretøy i hhv 2014 og 2013. Mindre enn 5 bilar passerer i gjennomsnitt per time mellom midnatt og klokka 07.00. Det blei også registrert mest trafikk søndagar.

#### 2. Parkering langs Brokke-Suleskard vegen:

Det er gjennomført 8 registreringar i perioden 12. september til 31. oktober i 2014. Totalt blei det registrert 181 parkerte bilar mellom Vestre Austmannaskardet og Ivlungvatn. Dei mest konsentrerte parkeringsstadene var ved Roskreppfjorden og Øyvuvsbu.

#### 3. Tal overnattingar på DNT-sør og Statskog sine hytter:

Dei hyttene med mest overnattingsdøgn var Skjerevasshytta, Bossfjell (desse to har også nokre få overnattingsdøgn vinterstid) og Urddalsbu. Av DNTs hytter: Svartenut (nord for vegen, dei andre sør for vegen). Øyvuvsbu er den DNT hytta i området som er mest bruka.

#### 4. Ferdsel på stiar:

Teljarane har hatt fylgjande plassering og tal passeringar (figur 1): Ramsdalen: 900 passeringar i 2013. Håhelleren: 1500 passeringar i 2013 og 1300 passeringar i 2014. Ivlungsvatnet: 2300 passeringar i 2013.

Øyvsbu retning austover: 1000 passeringar i 2013 og 2000 passeringar i 2014. Øyvsbu: 2300 passeringar i 2013. Sandvatnet: 500 passeringar i 2014.

5. Oppkjørte skiløyper.


Arbeidsgruppa har fått kartlagt skiløyper i Sirdal, Kvinesdal, Åseral og Valle. Det er mange løyper fordelt i fleire mindre område, samt nokre lengre løyper, slik som Sesilåmi.

6. Motorisert ferdsel.

Arbeidsgruppa har fått kartlagt motorferdselløyper nord og sør for Brokke-Suleskardvegen i perioden 2012-2015. Løyvehavarar fordelar seg på grunneigarar, organisasjonar (som DNT for eksempel), leigekøyring, forskning (NINA) og tiltak som ny hytte på Bossbu (i 2014).

7. Sauedrift.

Gruppa har også samla data over Sauedriftene i sitt arbeidsområde: der er i alt 4 sauedrifter på totalt 21000 dyr. Beiteperioden varer i 3 månadar og dei brukar 14 dagar på mesteparten av sankinga. I området er det i alt 30 km med sperregjerde for å halde sauedriftene frå kvarandre.



Figur 1: Plasseringa av ferdselsteljarane i arbeidsområdet, i 2013 og 2014 (Kjelde: NINA).

### **Arbeidsgruppe 3 (ved leiar og sekretær):**

*Arbeidsgruppas sammensetning: Kristian Steine og Svein Olav Stegarud (Setesdal Ryfylke villreinlag, leder og sekretær), Tor Punsvik (Fylkesmannen i Vest-Agder), Jon Erling Skåtan (Statens Naturoppsyn), Kristian Eiken Olsen (Statskog), Arve Aasemoen (Setesdal Ryfylke villreinlag, Sirdal), Torbjørn Fjermestad (villreinnemnda), Inge Olav Fjalestad (Bygland kommune), Audun Rossevatn (Hægebostad kommune), Svein Olav Stegarud (sekr.), Per Øyvind Grimsby (Sira Kvina Kraftselskap), Johnny Liland (Sirdal kommune). Olav Strand (NINA, faglig prosjektleder) deltok på møtet 14. juni. Kristian Steine leder arbeidsgruppa, og Svein Olav Stegarud og Tor Punsvik deler sekretæransvaret.*

*Arbeidsgruppe 3 har fått følgende mandat: Utrede tiltak for å øke villreinens bruk av områdene sør og vest for Blåsjømagasinet, og bidra til at aktuelle tiltak for å nå prosjektformålet innarbeides i den bestandsplan for perioden 2014-2018. Setesdal Ryfylke villreinlag skal utarbeide og framlegge bestandsplanen for godkjenning i Villreinnemnda for Setesdalsområdet etter vinteren 2014.*

#### Arbeidsgruppas aktivitet og ambisjoner framover

*Arbeidsgruppa hadde møte i Valle 14. januar og hovedtema var bestandsplan for perioden 2014-18.*

*Temaer som var drøftet i arbeidsgruppa på møtet var*

- *Differensiering av villreinområdet, ønskede bestandsstørrelser i planperioden og andel storbukk i bestanden.*
- *Fleksibilitet i planen, slik at den enkelt kan endres når ny kunnskap tilsier det*
- *Omfang av og presisjon i tellinger og registreringer.*
- *Jaktfrie soner og bruk av samjaktavtaler.*

*Arbeidsgruppas anbefalinger overfor villreinlaget og prosjektstyret ble presentert på styringsgruppemøte i GPS-prosjektet 18. februar.*

- *Differensiert bestandsforvaltning*
- *Sikre tradisjonsbærere og skjermte flaskehalsar med eks. jaktfrie soner*
- *Fokus på bukkens randsoner*
- *Både bukk og simler merkes i sørområdet*

*Arbeidsgruppa hadde samlet seg å foreslå*

- *1500 vinterdyr i sørområdet, 2000 i nord*
- *25 % storbukk i bestanden*
- *Jaktfrie soner for å berge tradisjonsbærere og trekkruiter til randområder. Betingelser:*
  - *Store nok områder og GPS-merka dyr.*
  - *Samjaktavtaler mellom organiserte lokale villreinlag/vald og sentralområder.*
  - *Sørområdet særlig aktuelt, derfor viktig å få rettighetshaverne organisert*

*Setesdal Ryfylke villreinlag ved sekretær Svein Olav Stegarud stod for skriving av planutkastet, som ble drøftet fortløpende med gruppas medlemmer. Arbeidsgruppas anbefalinger ble fulgt opp i det forslag til*

*bestandsplan som styret for villreinlaget behandlet og sendt til høring blant sine medlemmer. Villreinnemnda for Setesdal behandlet bestandsplanen på sitt møte 2. april og vedtok det enstemmig. I tråd med arbeidsgruppas anbefalinger foretok NINA med SNO's bistand GPS-merking av et betydelig antall rein i sørområdet og både simler og bukker.*

*Etter møtet i Åseral 9. september 2013 er det ikke fra arbeidsgruppa tatt nye initiativ til å øke organisering av rettighetshavere eller få på plass samjaktavtaler med Statskog/ Njardarheim som kunne muliggjort jaktfrie soner for å sikre nye tradisjonsbærere fra å bli felt.*

*Imidlertid har villreinlaget forsøkt med brev til rettighetshavere vedr informasjon om lagets rolle, forvaltning og medlemskap. Dette for å invitere dem til å ta kontakt og forhåpentligvis engasjere seg. Det har vært relativt få henvendelser. Laget sendte også ut en pressemelding til alle regional- og lokalaviser, for å spre info om laget og villreinforvaltningen. Informasjonsspredning er viktig for å kunne nå målene som er satt. Å arbeide videre med organisering, samjakt og jaktfrie soner er trolig den mest aktuelle aktivitet å fremme for arbeidsgruppa i 2015.*

## Økonomi

For 2014 valde prosjektleiinga å søke om midlar både hjå dei bidragsytarane som hadde løyvd pengar i oppstartsåret 2013, men også dei som hadde gitt avslag det same året. Grunngevinga for dette var at budsjettsituasjonen kunne vera endra i 2014, frå 2013, hjå dei som hadde gitt avslag. Eller at meir informasjon frå prosjektet kunne gjera at prosjektet etter kvart kunne vera meir relevant. Denne framgangsmåten gav ei ekstra eingongsløyving for 2014, frå ein ny bidragsytar. Noko av midlane som kom inn i 2014 er ikkje nytta og blir difor overført til 2015. Det kom inn totalt kr 1.248.003,- frå 23 ulike bidragsytarar i 2014 (tabell 2). Utgiftene i 2014 var på totalt kr 1.016.936,- (tabell 3). Totalt var det per 31.12.14 kr 231.067,- disponibelt i 2015 (tabell 4).

## Oversyn inntekter 2014

Kr 1.248.003,- kom inn frå totalt 23 bidragsytarar i 2014 (tabell 2). Av dei 32 omsøkte bidragsytarane er det 7 som har gitt ei felles løyving for heile prosjektperioden, med intern fordelingsnykel. Dette er kraftregulantane i området. Desse får likevel søknaden kvart år, som informasjon. Utanom desse kom det svar på søknaden for 2014, frå totalt 20 av dei resterande 25 (ut over kraftregulantane), som hadde fått tilsendt søknad. Bare 4 av dei 20 som svara på søknaden gav avslag. Desse fordeler seg på kommunar, fylkeskommunar og fylkesmann. Ein av desse gav også avslag i oppstartsåret 2013. Totalt 5 av dei totalt 32 (25 utanom kraftregulantane) som mottok søknad for 2014, gav ikkje noko svar i det heile, heller ikkje etter at sekretariatet sendte ei etterlysing godt utpå året.

Tabell 2: Inntekter og oversyn over bidragsytarane i 2014.

Bygland kommune	25 000
Statkraft Energi	34 000
FM i Augst-Agder <sup>1</sup>	0
Sira-Kvina kraftselskap	34 000
Statens vegvesen	50 000
Valle kommune	50 000
Vest-Agder fylkeskommune	50 000
FM i Rogaland	50 000
FM i Hordaland	25 000
FM i Vest-Agder <sup>2</sup>	227 496
Otteraaens Brugseierforening	34 000
Lyse Produksjon	11 333
Åseral kommune	25 000
Sirdal kommune	50 000
Statnett SF	34 000
Bykle kommune	50 000
Hjelmeland kommune	25 000
Suldal kommune	50 000
Telemark fylkeskommune	25 000
Hægebostad kommune	25 000
Miljødirektoratet	325 000
Norsk Hydro Produksjon	11 333
Agder Energi Vannkraft	11 334
Kvinesdal kommune	25 000
Overført frå fjoråret	507
<b>Sum inntekt</b>	<b>1 248 003</b>

### Oversyn utgifter 2014

Utgiftene i 2014 var på totalt kr 1.016.936 (tabell 3). Utgiftene var relativt likt fordelt mellom direkte prosjektkostnader og timekostnader. Det var kostnadene knytt til eksterne tenester som utgjorde største delen av direkte prosjektkostnader, som fylgje av måten ein driftar arbeidsgruppene med kjøp av sekretærtjenester.

<sup>1</sup> Løyvinga frå FM Aust-Agder for 2014 kom på konto etter avslutta rekneskap og blir difor inntektsført på 2015.

<sup>2</sup> Løyvinga frå FM Vest-Agder er på kr 50.000,-. Dei resterande kr 177.496,- av denne overføringa er restmidlar frå Villreinnemndas driftsbudsjett som blei overført ved årets slutt.

Tabell 3: Utgiftene er i hovudsak knytt til innkjøp av eksterne tenester til arbeidet i arbeidsgruppene, samt timebruk. Sekretærtjenesta frå NVS er vederlagsfri og kostar ikkje noko for prosjektet.

<b>Prosjektkostnader</b>	
<b>Direkte prosjektkostnader:</b>	
Vectronic, senderar	62 557
Jämtlandsflyg	118 470
Ferdselsreg. NINA Lillehammer 2013 overført 2014	93 657
Telenor	25 458
Veterinærconsult	37 382
SR Villreinlag flykostnad strukturtelling	26 095
Veterinær Tord Lien	2 795,20
Jerstad Viltforvaltning	27 540
Stegarud natur, sekretærtjenester	41 040
Helge Tonstad	16 380
Reise- og møtekostnader	30 661
Løn og sosiale kostnader	1 161
Porto	120
<b>Sum direkte prosjektkostnader:</b>	<b>483 316</b>
<b>Timekostnader</b>	
Olav Strand, 37,5 timar	
Roy Andersen , 78,5 timar	
Manuela Panzacchi, 401,5 timar	
<b>Sum timekostnader</b>	<b>533 620</b>
<b>Sum prosjektkostnader</b>	<b>1 016 936</b>

## Oppsummering

Resterande midlar i prosjektet frå 2014, som overførast til 2015 er på kr 231.067,-. Estimerte inntekter for 2015, jamfør det som er søkt om hjå bidragsytarane, er på kr 1.400.000,-. Ut ifrå dette vil prosjektet totalt disponere kr 1.631.067,- i 2015 (tabell 4).

Tabell 4: Midlane overført frå 2014 saman med estimerte inntekter for 2015 (omsøkte midlar).

Overført frå 2014 (per 31.21.14)	231 067	
Estimert inntekt i 2015	1 400 000	
<b>Totalt disponibelt i 2015</b>	<b>1 631 067</b>	(Ut frå tal per 31.12.14)

## Prosjektaktivitet i 2015

### Merking vinteren 2014-2015

I 2014 blei det merka totalt 10 dyr i Setesdal-Ryfylke. Av desse var 4 bukkar som blei merka i sørområdet saman med 2 simler. Dei 4 siste simlene blei merka i nordområdet. Innsamlinga av GPS-data har gått som planlagt, ut over at ein mista kontakten med nokre av dei radiomerka dyra. Særleg blant bukkane. Ved slutten av februar 2015 er det totalt 9 dyr som gjev GPS-posisjonar for perioden januar og februar 2015. Av desse 9 er bare ein bukk. Med bakgrunn i dette og vidare framdrift i prosjektet, er det komande vinter skissert eit merkebehov på fem simler i nord, fem simler i sør, samt 3 bukkar i sør, men dette vil kunne bli trong for å justere. Det er difor budsjettert med kr 550.000,- til merking i 2015 (tabell 5).

### Styringsgruppa

Styringsgruppa skal i 2015 gjennomgå eit arbeid (som i skrivande stund alt er påbyrja), der målet er å få fram kunnskapsstatusen knytt til dei ulike påverkingsfaktorane i villreinområdet. Med dette vil ein også avdekke kva som trengs av vidare overvaking og datainnsamling og kvar ein etter kvart er klar for å teste tiltak. Kva desse tiltaka skal vera og korleis dei skal testast ut, vil også styringsgruppa få ei sentral rolle i å avklare. Denne prosessen blei påbyrja i styringsgruppemøtet i Kristiansand i februar, og vil halde fram i det planlagde styringsgruppemøtet 26. mars 2015.



## Arbeidsgruppene

Arbeidsgruppene vil måtte konkretisere dei ulike faktorane, som påverkar villreinen, i sine arbeidsområder og føreslå tiltak for desse så tidleg som råd i 2015, slik at ein kan koma i gang med testing av tiltak. I enkelte område vil det kanskje vera tenleg å halde fram med datainnsamling eller overvaking, eventuelt konkretisering av dei resultatane ein har fått til no. Det vil også vera viktig å halde fram med arbeidet med organisering, samjakt og jaktfrie soner i samarbeid med villreinlaget.

## Budsjett 2015

For 2015 er det til liks med 2014, budsjettert med totalt kr 1.400.000,-. Desse utgiftene fordeler seg i hovudsak på merking, men også ein del på ferdseleksregistreringar og drift av arbeidsgrupper, ut over den vanlege basisforskninga. Utgiftene er presisert i tabell 5.

Tabell 5: Budsjett i SR-prosjektet 2015.

GPS-merking i sørområdet, 5 simler à kr 40.000,-	Kr 200.000,-
GPS-merking i sørområdet, 3 bukkar à kr 50.000,-	Kr 150.000,-
GPS-merking i nordområdet, 5 simler à kr 40.000,-	Kr 200.000,-
Ferdseleksregistreringar langs og frå vegen til Store Urar:	Kr 150.000,-
Drift av arbeidsgrupper, etablering av tiltak og sekretær:	Kr 100.000,-
Drift av styringsgruppa:	Kr 40.000,-
Basisforskning, planlegging, gjennomføring og analyse:	Kr 400.000,-
Fagleg drift av prosjektet (v/NINA):	Kr 160.000,-
<b>Samla kostnader driftsåret 2015:</b>	<b>Kr 1.400.000,-</b>

## Søknader 2015

For å dekke inn budsjetterte utgifter, er det søkt om kr 1.400.000,-, jf tabell 6 for 2015. Søknadane for det samla budsjettet er sendt dei same bidragsytarane som bidrog inn i prosjektet i 2014, jf tabell 6.

Tabell 6: Søknader 2015: Oversyn over omsøkte midlar for 2015.

<u>Dei største villreinkommunane:</u>	
Suldal kommune:	kr 50.000,-
Sirdal kommune:	kr 50.000,-
Bykle kommune:	kr 50.000,-
Valle kommune:	kr 50.000,-
<u>Andre villreinkommunar i SVR:</u>	
Kvinesdal kommune:	kr 25.000,-
Hægebostad kommune:	kr 25.000,-
Åseral kommune:	kr 25.000,-
Bygland kommune:	kr 25.000,-
Gjesdal kommune:	kr 25.000,-

## NVS RAPPORT 16/2015

Fylkesmennane i Rogaland, Aust- og Vest-Agder, à kr 50.000,-, og fylkeskommunane i Aust- og Vest-Agder, à kr 50.000,-:	kr 250.000,-
Fylkesmennene i Hordaland og Telemark og fylkeskommunen i Telemark à kr. 25 000,-:	kr 75.000,-
Regulantar og kraftlinjeeigarar (jf intern fordelingsnykel):	kr 275.000,-
Statens Vegvesen:	kr 150.000,-
Miljødirektoratet:	kr 325.000
<b>Samla omsøkt beløp for 2015, jf budsjett:</b>	<b>kr 1.400.000,-</b>

Då søknadsfristane hjå fleire av bidragsytarane er godt ut i januar, har ein ikkje klart kven som ynskjer å bidra det komande året før det er godt i gang. Det er likevel nokre som har løyvd for heile eller delar av prosjektperioden, noko som gjev eit godt og føreseieleg økonomisk perspektiv.

Strukturen som er valt i dette prosjektet, med breitt samansette arbeidsgrupper som arbeider med kvar sine problemstillingar, gjev mange interessante perspektiv og godt eigarskap til prosjektet. Me er med dette inne i nokon spanande år med forskning på villreinen og påverkingfaktorane på dens leveområde i Setesdal-Ryfylkeheiane.

Skinnarbu 02.03.15, Lena Romtveit.

## Referansar

- B: Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.
- Gundersen, V., Nerhoel, I., Panzacchi, M., Strand, O., Van Moorter, B., Skjeggedal, T. og Flemseter, F. 2014. Adaptive management: Is there a golden toolbox hidden behind a buzz word and a utopian panacea? Miljø2015 konferansen; 2014-11-06 - 2014-11-07. NINA NTNU
- Gundersen, V. og Strand, O. 2014. Arealforvaltning i villreinområder: Fra gagn og ugagn til adaptive løsninger. *Tidsskriftet Utmark* 2014 (1&2&S-2014) NINA

ISSN: 1891-5329

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerking | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-2661 Hjerking | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA